



Statens vegvesen

Notat

Til: Vegseksjon fjordane v/ Vidar Solheim
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Tore H. Medgard
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsno:
Tore H. Medgard - 95776093

Oppdrag:	Skredhending		Dok. nr. i Mime:	15/210694-30
Oppdragsgivar:	Vegseksjon fjordane v/ Vidar Solheim		Dato:	22.11.2016
Planfase:	Drift		Arkivkode:	460 Rapportnummer:
Kommune:	Vågsøy	Vegnr.:	Fg 617	HP: 2 Km: 3,700
UTM 33 ref.:	6908840 ; -15610		EUREF 89	Geoteknisk kategori:
Utarbeida av:	Tore H. Medgard		Kontrollert av:	Arnstein Ommeldal

Fg 617, Hp 2, Km 3,700. Vurdering etter steinsprang på gang- og sykkelveg

Innleiing

Fredag 18.11.16 vart det meldt om steinsprang på ein gang- og sykkelveg på utsida av Skoratunnelen mellom Måløy og Raudeberg (Figur 1 og Figur 2). Steinane som kom ned på gang- og sykkelvegen vart rydda, og GS-vegen vart opna same dag. Synfaring av geologar vart gjort 21.11.2016 saman med kontrollingeniør Even Hjelle. Området er eit velkjent område kor det kjem stein ned. Som sikring for køyrande er det bygd ein tunnel forbi det området som er vurdert i dette notatet.


Vurdering og tilråding

Steinsprangen ser ut til å ha starta på om lag 180 moh. og steinar har spruta ut i ei breidde på nesten 100 m på GS-vegen med nokon mindre sår i asfalten. Det ser ikkje ut til å være noko laust som ligg att i losnepunktet, og det vart ikkje observert nokon ustabile blokker med potensial for å nå ned i vegen i skredløpet.

Utløysingsårsak er mest truleg frostsprengeing som følgje av temperaturar som vekslar mellom pluss og minusgrader og/eller kraftig nedbør.

Oppsummering

Skredhendinga fredag 18.11.16 ser ikkje ut til å ha forverra situasjonen utover den skredfara som var før skredhendinga. Det skal merkast at det er forbunde ein restrisiko i området, og ein kan ikkje utelukke at det kan komme steinsprang i området i framtida då det er mykle vegetasjon i området som skapar rotsprengeing sommartid i tillegg til frostsprengeing som skjer haust, vår og vinter.



Figur 1: kart av området der steinspranget nådde GS-vegen. Tunnelpåhogget for Skoratunnelen går ut omtrent 150 m nord for skredhendinga.



Figur 2: Bilde av det punktet som er vurdert til å være det mest sannsynlige losnepunktet.